

## Plan om 11 fritidshus på Rød

25.05.2012



Dette kartet viser kor Rødshagen ligg

**Stavangermannen Tor Arne Puntervoll håpar no å få realisert ein plan han lengje har hatt om å satsa på eit utbyggjingsprosjekt på Rød i Uskedalen. Planen går ut på å byggja 11 fritidsbustadar fordelt på 7 naust og 4 hytter i Rødshagen og han seier til uskedalen.no at han så langt har fått positiv mottaking i kommunen.**



[Dette er Rødshagen med fylkesvegen nede til høyre](#)

- For rundt 30 år sidan hadde eg ein plan om bygging av 10 bustader i det 13 mål store området som eg kjøpte av ein lokal grunneigar. Men eg måtte droppa prosjektet på grunn av for store kostnader, ikkje minst for vatn og kloakk. Området var regulert for bustader den gongen og det var gjeve grønt lys foravkjøring. No er reguleringsføremålet fritidsbustader i kommuneplanen, opplysar Puntervoll.



[Strandlinja nedanfor Rødshagen](#)

I tinginga av oppstartmøte for detaljplan som skal haldast om kort tid vert det under føremål opplyst at det er å tilretteleggja for

fritidsbustadar med tilhøyrande område og sjøtilknytning. Aktuelle tema for diskusjon er sjøtilknytninga, avkøyringa frå fylkesvegen, vatn og kloakk og rasproblematikk, står det i referatet.

Harald Bjørndal i Eikelandsosen er fagkunnig kontakt for prosjektet som Puntervoll håpar kan bli klart for utbyggjing om eit års tid.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen